

Smittevernregler for deltaking på FIL Orientering sine Nærløp

Det er frå myndigheitene si side opna for arrangement som følgjer anbefalingane frå Helsedirektoratet og organiserar seg på ein smittevernfaglig forsvarleg måte. **Nærløpa vert gjennomført etter prinsippet kom-løp-dra heim. Det er ingen som skal vere på staden lenger enn nødvendig.**

NB! Personar som har symptom på luftvegsinfeksjon skal ikkje delta/arrangera (heller ikkje ved milde symptom). Dette gjeld òg personar som er i karantene eller isolasjon. Personar i risikogruppe blir tilrådd på generelt grunnlag å ikkje delta i arrangement.



For deltakarar på FIL Orientering sine nærløp gjeld følgjande regler:

- Påmelding til løp skjer kun på Eventor. Det er ikkje mogleg å melde på løpet ved arena.
- Det oppfordrast til å kjøpe sesongkort på forehand til konto nummer 3700.07.15094. Betaling av enkeltløp/sesongkort på arena nyttas berre VIPPS til nummer 103618.
- Deltakarane skal ikkje opphalde seg på arena lenger en nødvendig.
- Følg arrangørens anvisning på arena. Hugs avstandsregelen på 1 meter til alle som ikkje bur i same husstand.
- Ikkje bli ståande på posten etter du har stempla. Treng du tenkepause så trekk nokre meter vekk frå posten.
- Alle deltakarar medbringer eigen vann/klut til vask etter målgang.
- Ta med eige drikke/mat.
- Alle skal spritvaske hender før ein startar løpet.
- Etter målgang skal hender og brikke spritvaskast før brikkeavlesing. Hugs at synleg skitt må vaskast bort først.
- Husk at ein ikkje skal stå tett saman etter gjennomført løp og diskutere kart og vegval.
- Ikkje bli værande unødvendig på arena. Forlat arena så snart som mogleg.